

Spørsmål om RS 14/2020 Vidareføring av tiltak for cruiseturisme i Vestland v/ Mark Taylor MDG

Vestlandsrådet vedtok 7.6.18 *Handlingsplan cruisestrategi for Vestlandsfylka 2018 – 2020* etter vedtak i dei fire fylkeskommunane.

Føresetnaden for planen er ei framleis auke i cruisetrafikken som ikkje er realistisk, både sett i lys av koronaepidemien og faktumet at ein god og langsiktig klimapolitikk og ei auke i, eller oppretthalden av, cruisetrafikken slik den var før epidemien, kan ikkje gå hand i hand når vi skal kraftig redusere klimagassutslepp.

MDG inkluderer ikkje Hurtigruta i omgrepet “cruise” sidan Hurtigruta er eit kollektivt tilbod som driv også med godsfrakt i tillegg til turisme.

Dei fleste tiltaka i handlingsplanen dreier seg om utgreiing, kartlegging og kunnskapshenting. Det er viktig med kunnskap, men det er også avgjerande at denne kunnskapen vert brukt både politisk og administrativt til å styre cruisenæringa i rett lei. No er tida for prioritering og handling, altså inga auke, men heller den strengast mogleg reguleringa av den cruiseturismen som vi sit igjen med etter pandemien.

Referatsaka seier at Vestlandsrådet ikkje lenger vil finansiere vidareføring av tiltak i handlingsplanen.

Det står at «Vestland fylke vil halde fram arbeidet med tiltaka», tross i at anten cruisestrategien eller handlingsplanen har vore vurdert politisk av planutvalet, då det handsama strategiar og planbehov 26.3.2020.

Med bakgrunn i dette, har eg følgjande spørsmåla:

1. Kva for tiltak i handlingsplanen er det som er gjennomført/fullført hittil og reint konkret, kva er tiltaka som står att for 2020?
2. Sett i lys av koronaepidemien, som kom etter at referatsaka vart skrive, vil administrasjonen no vurdere at midlane vil bli betre brukt til å handtere krisa i andre reiselivsnæringar, dei som skaper meir lokal verdiskaping enn cruise, og heller ventar med tiltak for cruise inntil situasjonen etter epidemien har stabilisert seg?
3. Kven har fått delegert ansvaret for å bestemme at Vestland fylke skal halda fram med tiltaka i handlingsplanen etter at Vestlandsrådet ikkje lenger vil løyve midlar sjølv?
4. Det står på vestlandsfylke.no at «Handlingsplan for cruise kjem». Kva tid får hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon ei sak om revisjon av *Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020* og *Handlingsplan cruisestrategi for Vestlandsfylka 2018 – 2020*?

Mark Taylor MDG